

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 10.12.2015
SAKSHANDSAMAR: Konst. administrerende direktør Ola Rye, Konstituert fagdirektør Sidsel Rykken, konstituert Økonomisjef Tor Erik Tveit, personal og organisasjonssjef Berit Berntsen

SAKA GJELD: Årleg Melding Sjukehusapoteka Vest 2015

ARKIVSAK:
STYRESAK: 059/15

STYREMØTE: 17.12.2015

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2015.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2015 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen 15. januar 2016.

Oppsummering

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2015
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2015

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest og er fyrst og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og viser ikkje ei samla oversikt over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest.

Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2015 levert på dei krav som er sett til føretaket.

Fakta

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2015 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2015
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2015

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest. I rapporten (Vedlegg 1) er kvart kulepunkt eit oppdrag henta frå «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2015». Status på det enkelt oppdrag er kommentert i ein kort påfølgande tekst.

Kommentarar

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og vier ikkje ei samla over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest. Årleg melding skal godkjennast av styret i Sjukehusapoteka Vest og sendast Helse Vest RHF innan 15. januar 2016. Av di driftsåret 2015 ikkje er avslutta på tidpunkt for rapportutarbeiding til styret, inneheld Årleg melding 2015 berre datagrunnlag frem til oktober/ november. Det er likevel ingen teikn til at årets siste driftsmånadar vil endre faktum at Sjukehusapoteka Vest gjennom 2015 har levert på dei krav som er sett til føretaket.

Konklusjon

Helseføretaket har, innanfor dei rammene som er satt av styret, klart å levere på dei bestillingane eigar gjennom «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2015» har sett for føretaket.

Vedlegg

1. Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2015